

LESELYST GIR SKRIVETIPS

på 10. trinnet • Henning Rasdal og Mari Heien



Presentasjon

Elevane på 10. trinn skulle ha leseprosjekt. Ein litteraturformidlar hadde på førehand presentert bøker for lesarar med ulike interesser og leseerfaring. Dette var dei 10 bøkene:

Scorpio av Anthony Horowitz

Ulvestova av Atle Hansen

Drapene i Barkvik av Ingvar Ambjørnsen

Au, da av Bjørn Sortland

Ærlighetsminuttet av Bjørn Sortland

Frosten kom tidlig av Arne Svingen

Markus og karaokekongen av Klaus Hagerup

Maskespill av Lise Knutsen

Elevane fekk så nokre dagar til å bestemma kva for bok dei hadde ynskje om å lesa. Då dei hadde valt bok, skaffa litteraturformidlarar desse bøkene og lesinga kunne starta. Me hadde sett av ei veke til prosjektet.

Målet med prosjektet var å la elevane lesa bøker, eit lesestimulerande prosjekt med vekt på lystlesing. Men leseprosjektet hadde også ei leseoppdragande side. For det første skulle elevane få tilbod om å lesa same boka i gruppe med andre elevar. Slik kunne dei utveksla synspunkt og meiningar om boka. For det andre kunne gruppa fungera som eit støttande stillas i lesinga. Ikkje minst kunne dette vera viktig for svake lesarar. Dei kunne få draghjelp til å koma seg vidare i boka nettopp fordi dei hadde samtala om teksten i gruppa. Leseprosjektet hadde også ei anna leseoppdragande side. Elevane fekk på førehand melding om at dei også kunne sjå leseprosjektet som ei førebuing til eiga skrivning. Me ville at dei skulle reflektera rundt følgjande spørsmål: *Er det noko i det du les som du kan bruka i eiga skrivning? Får du nokre skrivetips når du les?*

Bøkene i bruk

Då lesinga byrja og alle hadde fått tildelt den boka dei hadde valt, fekk elevane velja kor dei ville sitja og lesa. Nokre sat i sofaen som er plassert i klasserommet, andre valde å sitja ved sin eigen pult, medan andre igjen valde å gå ut av klasserommet. Før første leseøkta starta, høyrde me nokre elevar høglydt uttrykkje at dette var pyton, men då lesinga starta og me ville avrunda lesinga etter ca 40 minutt, vart me på nytt møtt med protestar: Me vil lesa! Elevane las samanhengande i 2,5 time den første dagen. Det var ”knappenålsstille”, og alle kom godt i gang med bøkene sine. Me hadde ikkje hjarte til å stoppa lesinga ettersom stemninga var så god. Misnøya frå dei som i starten høglydt hadde uttrykt henne, var sterkt redusert. Me la merke til at mange av elevane også las i friminuttet.

Både undervegs i prosessen og etterpå opplevde me at elevane inspirerte kvarandre til å lesa ”si ” bok. Det resulterte i at det danna seg nye samtalegrupper på tvers av dei opphavlege. Nokre elevar valde å bearbeida si eiga lesing gjennom illustrasjonar. Ein elev var så frustrert over manglande ”svar” i slutten av *Ærlighetsminuttet* at ho valde å skriva ein ny slutt sjølv. Men me opplevde også at elevar øydela leseopplevinga for medelevane ved negativ kritikk og avsløringa av innhald og spenningsmoment.

Erfaring

Det var stor forskjell på kor mykje elevane las. Nokre elevar las ikkje noko heime, all lesetid var knytt til tida dei fekk til disposisjon på skulen. Andre elevar las ferdig første boka første dagen og var klar for å innta nye bøker. Det var også stor forskjell på kor mykje elevane reflekterte over det dei hadde lese, i kor stor

grad dei greidde å setja ord på det dei hadde opplevd og lært. Mange av elevane gav uttrykk for at dei hadde fått gode modellar for eiga skriving, og dei gav uttrykk for at dei hadde lyst til å prøva ut desse modellane: *Eg ser alle bileta forfattaren lagar i boka. Eg vil prøva å tenkja meir bevisst over mi eiga skriving med å laga bilete for lesaren.*

Alle las, alle hadde ei eller anna oppleving knytt til bøkene som vart presentert for dei. Me såg også at mange av dei som definerer seg sjølv

som ”ikkje-lesarar” vart inspirerte av dei som las. Slik smitta leselysta.

Etterord

Sjølv lenge etter at leseprosjektet er avslutta, er det framleis mange elevar som les dei bøkene som vart presenterte i prosjektet. Slik kan ein seia at prosjektet sette i gang lesing som har gått langt ut over dei rammene prosjektet hadde avsett. Då tykkjer me verkeleg at me har oppnådd noko.



Hovudpersonen for meg blei Kyrre. Lettast å forstå han. Skrivetips: Fortelja gjennom forskjellige personar.

Likte at boka starta med slutten. Når du har lese den vil du ha ei forklaring på kva som skjedde. Skrivetips: Starta med slutten og så forklara kva som hender.

Mystiske og uforklarlege reaksjonar hos personane, får ikkje vita alt på ein gong. Forklaringane kjem etter kvart, du har kanskje tenkt/trudd heilt andre ting. Skrivetips: Halda på opplysningar, forklara litt om gongen. (Frosten kom tidlig)



Barnsleg, men bra. Genial humor! Lett å lesa. Ikkje urealistisk. Slike bestemødre finst! *(Au, da)*



*Blei provosert av at forfattaren ville ha meg til å tru på at ein fjortis kan jobba for MI-5. Brydde meg ikkje om korleis det gjekk med hovud-personen, derfor blei ikkje boka spennande. I ”Au da” er det greitt, der leikar bare forfattaren seg med det sprøe og vanvittige. Då blir det morsomt. *(Scorpio)**

Kult med blanding av bokmål og nynorsk. Kult å gå fram i tid før kvart kapittel og så tilbake. Mange geniale setningar. Fekk lyst til å bruka merkeringstusj. Skrivetips: Nedtelling på datoar var smart skapte spenning! Språkblending - kult å prøva. At det går an å blanda fagstoff inn i tekstar, fletta inn noko du kan. *(Ærlighetsminuttet)*

Naturskildringane har for mange detaljar. Ville heller hatt meir om det som skjedde. Eg forstår at dei er med for å laga eit bilde av hovudpersonen. *(Ulvestova)*

ORD

En gang var jeg en gutt.
Og en gang var denne boka
og dette papiret
bare en tanke i hodet
og et tre i skogen.

Svein Nyhus: "Verden har ingen hjørner", 1999